



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Voss kommune  
Postboks 145  
5701 VOSS

Dato: 11.08.2016  
Vår ref: 16/01159-2  
Deres ref: 15/00586-6

## **Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for E16 Nærøydalen i Voss kommune**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00  
**E-POST** mail@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282  
  
**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 29. juni 2016.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansaker.

### **Om plana**

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide ei reguleringsplan der store deler av ny veg er i tunnel. Området som føreslås til vegformål er i dag satt av til LNF-formål i kommuneplanens arealdel for Voss. Det er satt av område for å kunne deponere inntil 1 million kubikk overskotsmasse. Sjølv om dei er planlagde som permanente deponi skal det likevel være mogleg å ta ut att massane. Eventuelt uttak må då behandlast etter reglane i plan- og bygningslova.

Det vert opplyst om at bergartane som tunnelen går gjennom er kvit anortositt og mørkare grandioritt, monzonitt og magnettisk gneis. Alle bergartane er i fylge planomtala godt eigna til vegbygging. I planprogrammet er det lagt opp til at overskotsmassane skal deponerast vest for tunnelen ved Slæn. Alternativt skal overskotet av anortositt vurderast opp mot eksisterande gruvedrift i Nærøydalen, eller bruke massane til vegbygging, t.d. utbygging av E16 i retning Voss. I tillegg skal det vurderast å eventuelt nytte massane til nydyrkningsprosjekt. Vegvesenet skriv i planomtala at dei i utgangspunktet ønsker å bruke massane til vegbygging vidare i retning Voss, kor massebehov per i dag ikkje er avklara. I konsekvensvurderinga legg vegvesenet fram at tunnelen vil ha innverknad på kor det kan drivast gruvedrift. Men, mengd anortositt som vert bandlagt er likevel avgrensa sett opp mot totalressursen av anortositt. Vegvesenet synar at tunnelen vil verka lite negativt inn på naturressursen.

### **DMF sin uttale til plana**

DMF vil påpeke at det er viktig at massane nyttes ut i frå kvaliteten dei innehavar. Viss det skal vere mogleg å ta att deponerte massar er det viktig at ein har oversikt over variasjon i kvalitet og kor forskjellige kvaliteter blir deponert. Ut over dette har me ingen ytterligare kommentarar til planforslaget.



For meir informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Marte Kristoffersen  
seksjonsleder

# Vegar Christoffersen Walsø rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke handskrivne signaturar.  
Saksbehandlar: Vegar Christoffersen Walsø

## Mottakrar:

Voss kommune

Postboks 145

5701 VOSS

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår sakshandsamar  
Cato Dørmænen

Vår dato	Vår referanse
25.08.2016	2013/2555-6/315
Tidligare dato	Tidligare referanse
29.06.2016	15/00586-6

Til  
Voss kommune  
  
Postboks 145  
5701 VOSS

## **Uttale til detaljreguleringsplan for E16 - Nærøydalen - planid 2013008, Voss kommune.**

Viser til tilsendte dokumenter for høring av detaljregulering av E16 – Nærøydalen. Høringsfrist er satt til 25.08.2016.

Forsvarsbygg uttaler seg i arealsaker med omsyn til å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser etter plan- og bygningsloven m.m.

Ved gjennomgang av høringsdokumenta vil vi opplyse om at Forsvarsbygg sjølv har reguleringsarbeid på gang i området. Deler av Forsvarsbyggs planarbeid synes å overlappe med plangrense for detaljreguleringsplan E16 Nærøydalen. Vi gjer oppmerksom på at det må gjerast ei avklaring av respektive plangrenser for nevnte planer.

Vi ser også at deler av detaljregulering E16 rører ved areal som er underlagt Forsvarets områder. Det må her gjerast ei endelig avklaring i kva grad E16 planen kjem i konflikt med Forsvarets interesser. Til dette kan det nevnast at enkelte signal om mulige løysingar, samt konfliktpunkt, tidlegare er blitt utveklsa mellom Forsvarsbygg og Statens vegvesen, men at dette arbeidet ikkje er sluttført.

Gjennom Forsvarsbyggs eige planarbeid inn mot Brandset/Mjølfjell ser vi at deler av arealet mellom Brandset og E16 truleg kan avhendast som del av Forsvarets interesseområde. Forsvarsbygg avventar endelig intern avklaring før vi kan konkludere med om dette let seg gjere.

Det ovannevnte vil kunne gi grunnlag for å inngi innsigelse til detaljreguleringsplan E16, men vi ber heller om at merknadane vert teke til følge og avklart som del av den vidare planprosessen.

Utover dette har ikkje Forsvarsbygg nokre merknader til planarbeidet.

Svein O Skaar  
Eigedomssjef

Forsvarsbygg utleie markedsområde vest

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

Postadresse	Fakturaadresse	Telefon	E-postadresse	Org. nr.
Postboks 405 Sentrum 0103 Oslo	Fakturaserteret Postboks 4394 2308 Hamar	815 70 400 Telefaks 23 09 78 03	post@forsvarsbygg.no Internett www.forsvarsbygg.no	975 950 662 Bankkonto 4714 10 00280



Voss kommune  
Postboks 145  
5701 VOSS

Vår dato: 22.08.2016  
Vår ref.: 201304853-12  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 29.06.2016  
Dykkar ref.: 15/00586-6

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes

## Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for E16 Nærøydalen - Planid 2013008- Voss Kommune

Vi syner til brev datert 29.06.2016. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for E16 Nærøydalen. Føremålet med planframlegget er å sikre E16 mot skred, og å erstatte dei to eksisterande tunnelane forbi Stalheimskleivi.

Det er utarbeidd flaumsonekart. I utarbeidinga av flaumsonekartet er det teke omsyn til 40% auke i 200 års flaum fram mot 2100 som følgje av venta klimaendringar. Noko av det flaumutsette arealet er markert i plankartet som omsynssone H320 Flomfare, mellom anna ved ny bru over Ljoselvi. Omsynsona stemmer ikkje med avgrensinga av flaumsona for 200 års flaum, noko vi har drøfta med Statens Vegvesen. NVE meiner overfløymd areal før utbygging skal syne i plankartet som omsynssone H320 Flaumfare, og legg til grunn at dette vert retta opp før sluthandsaming av planen.

Når flaumsona er teke inn i plankartet som omsynssone vil ein sjå at landkar for brua er plassert godt ut i flaumsona på vestre breidd. Brua vil difor snevre inn flaumlaupet. Ein vil også sjå at vegen, som ligg på fylling aust for brua, skjer av ein flaumveg. Vi har hatt ein dialog med Statens Vegvesen og Norconsult for å forsikre oss om at konsekvensane av dette er vurdert. I følgje Norconsult er vasslinene etter utbygging berekna med utgangspunkt i at alt vatnet renn i hovudlaupet. At landkar ligg i flaumsona på vestre breidd har berre marginale konsekvensar (ref. H. Opaker, Norconsult) i høve til vasslinene (etter utbygging) berekna i Norconsult sin rapport datert 22.12.2015.

I føresegndene § 9.4 *Flaumfare (H320)* står det at det ikkje er «*tillate å oppføre bygningar eller konstruksjonar i faresona utan at desse er dimensjonerte for å tåle ein 200 års flaum (+40%)*», og at «*søknad om tiltak i faresona skal leggast fram for Norges vassdrags- og energidirektorat til uttale*». NVE legg vekt på at det ikkje skal vere naudsynt med ytterlegare handsaming frå NVE si side for tiltak som er i samsvar med reguleringsplanen. Vi ber difor om at denne siste formuleringa i føresegndene vert teken bort. I staden kan det settast eit krav om at det skal dokumenterast at bygning/konstruksjon ikkje medfører auka flaum- og erosjonsfare elles i vassdraget. Dette siste følgjer elles av TEK10 § 7-1, 2. ledd. NVE legg til grunn at planen i det alt vesentlege gjer greie for aktuelle tiltak i/nær vassdraget som kan medføre konsekvensar for ålmenne interesser i vassdraget, her under flaum og erosjon.

Symbol for støttemuren manglar i teiknforklaringa, noko vi oppmodar om å rette opp.

Ljoselvi er ein del av det verna vassdraget Nærøydalselvi /Jordalselvi. Vi meiner omsyn til landskapet må vege tungt. Det er positivt at massedeponi er planlagt deponert i øvre deler av planområdet av omsyn til landskapsverdiane i Nærøydalen. NVE har, saman med fleire andre aktørar i planforum, signalisert at det er viktig at planen gjev eintydig avklaring på om areal for massedeponi er midlertidig eller permanent, og at det er sterke føresegner for bruk og avslutning. Situasjonen ein må unngå er at planen opnar for vedvarande uttak av stein på ubestemt tid frå deponia til ulike føremål. NVE er nøgde med at det i planomtalen s. 16 står at deponi er permanent og at det i føreseggnene vert sett frist for tilstelling og revegtering.

Til sist i føresegn §10.1 står det: «*Eventuell vidare anleggsdrift utover 1 år etter veganleggget er opna for trafikk, skal fremjast som ei ny sak etter reglane i Plan- og bygningslova. Ved eventuell etablering av steinknuseverk skal dette plasserast med minst mogeleg ulempe for omgjevnadane*»

Vi er usikre på kva desse formuleringane betyr. Betyr «sak» her byggesak, dvs. at vidare anleggsdrift er i samsvar med planen? Og, i så fall, vil det då vere i samsvar med planen å plassere steinknuseverk innanfor planområde i slik vidare anleggsdrift?

NVE meiner at eventuell anleggsdrift/uttak av stein etter at fristen for tilstelling og revegtering er gått ut må gjennom ein ny planprosess der konsekvensar av ei aktuell drift vert utgreidd. Om det er det som er meint med setninga «*Eventuell vidare.....i Plan og bygningslova*» så vil dette vere ei overflødig føresegn fordi det vil følgje av vanlege sakshandlingsreglar. Fjernar ein setninga så fjernar ein tvilen om kva planen opnar for av vidare anleggsdrift. NVE rår difor til at setninga vert teken ut. Formuleringa om steinknuseverk vert då knytt til anleggsperioden.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland



Voss kommune  
Postboks 145  
5701 VOSS

Dato: 25.08.2016

Vår ref.: 2014/17253-20

Saksbehandlar: pernord1

Dykkar ref.:

## Fråsegn til høyring av detaljreguleringsplan for E16 Nærøydalen - Voss kommune. PlanID 2013008

Vi viser til brev datert 30.06 om høyring av forslag til detaljregulering E16 Nærøydalen med høyringsfrist 25.08. Hovudføremålet i planen er ny vegtrase i den rasutsette Nærøydalen. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er bandlagt i påvente av planlegging av ny vegtrasé. Planen utløyer krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering

#### Planfaglege merknader

Føremålet med planen er viktig i eit ROS-perspektiv og i eit samfunnsperspektiv, i og med at E16 er eit viktig kommunikasjonsåre mellom aust og vest av landet. Med 40 ras på strekninga i ein 15-årsperiode vurderer vi planarbeidet som særskilt viktig, og val av trasé som eit godt alternativ.

Planen er godt kommunisert i prosessen og i plandokumenta. Det er generelt gjort gode utgreiingar, men på eit punkt har vi merknader til at planen er for lite utgreidd. Dette gjeld utnytting av den ressursar anortositten som skal takast ut representerer.

Vi vurderer det elles slik at våre argument ved planoppstart er vektlagt i planarbeidet. Vi konstaterer m.a. at det er planlagt forbikjøringsfelt i stigningane i tunnelen.

#### Kulturminne og kulturmiljø

For Voss sin del ligg det ein del automatisk freda kulturminne rett sør for planområdet, desse ligg greitt i utmarka og planområdet nord for desse er i hovudska LNRF – areal. Tiltak her må ikkje vera eigna til å skjemma landskapet kulturminna ligg i.

#### Naturressurs og næringsutvikling

I planprogrammet, (juli 2014 - kap. 4.1.1 Massehandtering) vart det sett som ei utfordring å utnytte det store masseoverskotet, på noko under 1 mill. m<sup>3</sup>, til samfunnet sitt beste og plassere massar utan å gje store negative verknader. Det skulle blant anna vurderast deponibehov og bruk av massane, medrekna vurdering av kvalitet på tunnelmassane og evt å nytte tunnelmassane opp mot eksisterande gruvedrift og utvinning av anortosit.

I framlegget til detaljreguleringsplan er det i utgangspunktet lagt opp til permanent deponering av all overskotsmasse frå tunneldrifta nær tunnelpåhogget ved Fyre, med opsjon for Vegvesenet (jf. planomtalens kap. 4.8) til å kunne ta ut att Stein frå deponiområda i 10 år etter at veganlegget er opna.

Særleg gitt dei negative konsekvensane som den planlagde, permanente deponeringa av overskotsmassar vil ha for landskapsbilete, naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø og nærmiljø, og dei omfattande utgreiingane kring dette i planforslaget, synest det påfallande kor lite det er vurdert i reguleringsplanen om overskotsmassane kan brukast opp mot eksisterande gruvedrift i Nærøydalen, gitt også føresetnaden om ei slik vurdering i planprogrammet.

I planomtalens side 38, under skildringa av den vel 6 km lange tunnelen, står det blant anna: «Mykje av tunnelen vil gå gjennom bergarten anortositt». I Nærøydalen driv som kjent selskapet Gudvangen Stein AS underjordsdrift på anortositt, og tek i følgje planomtalens ut 200.000 tonn i året (tilsvarende ca 74.000 m<sup>3</sup> fast fjellmasse, som igjen tilsvrar ca 111.000 m<sup>3</sup> tunnelmasse, jf. omrekningsfaktor på 1,5 i planomtalens kap. 3.14). Frå tunnelpåhogget ved Hylland er det ca 2,5 km langs E16 til lokaliteten der Gudvangen Stein driv underjordsdrift på anortositt. Kan Gudvangen Stein ta imot anortositt og evt anna Stein frå tunneldrifta og bruke dette som råstoff, med mellombels lagring av massane i dei utsprengte fjellromma frå drifta si, slik at massane ikkje vert synlege utanfrå? Vi ser i utgangspunktet på dette som eit alternativ som burde vore utgreidd og vurdert i reguleringsplanen. Kunne ein t.d. før tunneldrifta starta ha inngått avtale med Gudvangen Stein AS om mottak av anortositt og evt andre massar frå tunneldrifta. Underjordsdrift på anortositt er ei dyr driftsform for Gudvangen Stein, som i staden kunne brukt utsprengt Stein frå tunneldrifta. Dei utsprengte massane frå den vel 6 km lange tunnelen kunne i utgangspunktet tenkast å gje råstoffgrunnlag for ca 10 års drift for Gudvangen Stein.

Kvar i den planlagde tunnelen finst det anortositt? Vi går ut frå at Gudvangen Stein kan bruke både den kvite (omdanna) anortositten i sonen næraust den underliggende skyvegrensa, og den mørke anortositten lengre vekk frå skyvegrensa. Når det står i planomtalens at mykje av tunnelen vil gå gjennom anortositt, reknar vi med at det er vurdert at tunnelen i hovudsak vil gå gjennom anortositt heilt frå tunnelpåhogget ved Fyre til ca 1-1,5 km frå tunnelpåhogget ved Hylland. I planomtalens, side 72, står det: «Førekomsten av anortositt er vurdert til å ha nasjonal verdi. Det ikkje kjent kvar overgangen mellom anortositt og kvartsittiske, amfibolittiske mylonittar er i tunnelen». Dette gjeld nok kvar grensa til anortositt vil gå inne i tunnelen nær Hylland. I reguleringsplanen er det vist eit relativt detaljerte geologisk berggrunnskart (frå NGU rapportar), og topografin i området gir det best tenkjelege 3D snittet gjennom berggrunnen, så usikkerheita om kor grensa til anortositt vil gå inne i tunnelen vil ikkje vere så stor, og ein kunne gjort meir detaljert kartlegging for å stipulere ca kvar grensa vil gå. Ut frå føreliggjande kart synest grensa å gå ca 1,2 km frå tunnelpåhogget ved Hylland. Dette reiser spørsmålet om tunnelen kunne vore driven frå Hylland, utan behov for deponering av massar i området der, men kjørt massane den korte vegen til mellombels lagring i fjellromma til Gudvangen Stein.

I planomtalens kap. 3.14 Massedeponi, under vurdering av deponiområde og bruk av overskotsmassar der, står det (sitat):

Alternativt skal overskotet av anortositt vurderast opp mot eksisterande gruvedrift i Nærøydalen, eller bruke massane til vegbygging, t.d. utbygging av E16 i retning Voss. I tillegg skal det vurderast å eventuelt nytte massane til nydyrkingsprosjekt. [...] Vegvesenet ønskjer i utgangspunktet å bruke massane til vegbygging vidare i retning Voss, der massebehovet per i dag ikkje er avklara, jf. og innspel frå Voss kommune ved oppstart av planarbeidet. [...] Dersom det ikkje vert aktuelt å bruke massane til vegbygging, eller at det ikkje er bruk for alle massane til føremålet, er det ønskjeleg å bruke massane til andre næringsføremål. Dette spesielt grunna dei store førekommstar av anortositt.

Ut frå arbeidet så langt med kommunedelplan for E16 Slæn–Tvinno (med E16 Oppheim–Humlabrekke og E16 Sundve skule–Skromle bru), synest det, uansett val av vegtrasé, å bli store overskotsmassar frå tunnelbygging, men rett nok massar av dårlig (fyllitt) til kanskje mindre god kvalitet (kvartsskifer).

Ut frå ovanståande synest det i utgangspunktet realistisk å kunne unngå permanent og særleg grad av mellombels deponering av overskotsmassar i området Fyre–Slæn, og kanskje at vegen der då kunne vore lagt lågare i terrenget. All permanent deponering av overskotsmassar i området Fyre–Slæn synest i

utgangspunktet unødvendig og som lite samfunnsnyttig bruk av massane. Alternativet med tunneldrift frå Hylland, i kombinasjon med mellombels lagring inne i fjellet i anlegga til Gudvangen Stein, synest i utgangspunktet som eit lite kostnadskrevjande alternativ, og vi finn ikkje at dette alternativet er godt nok utgreidd i reguleringsplanen.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune er positiv til den planlagte løysinga for rassikker veg gjennom Nærøydalen. Men har merknader til planforslaget når det gjeld utgreiing av bruken av anortositt som skal takast ut ved produksjon av tunnelen. Vi ber om at det vert nærmere utgreidd korleis anortositten kan utnyttast næringsmessig og kommersielt. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

saksbehandlar  
Per Nordmark

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Per Nordmark, seksjon for plan, regionalavdelinga

Jomar Ragnhildstveit, klima- og naturressursseksjonen, regionalavdelinga

Jostein Aksdal, fylkeskonservatoren

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon  
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato  
24.08.2016  
Dykkar dato  
29.06.2016

Vår referanse  
2013/9778 421.4  
Dykkar referanse  
15/586

Voss kommune  
Postboks 145  
5701 Voss

### **Voss og Aurland - detaljreguleringsplan for E16 - Nærøydalen - offentleg ettersyn**

Vi viser til brev av 29.06.2016, dykkar ref. 15/00586, med høyringsfrist 25.08.2016.  
Fylkesmannen har i e-post frå Voss kommune av 25.08.2016 fått utvida frist til 01.09.2016.

Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing for E16 mellom Slæn i Voss kommune og Hylland i Aurland kommune.

I gjeldande Nasjonal Transportplan 2014-2023 er vegprosjektet definert som eit skredsikringstiltak med oppstart i perioden 2018-2023. I grunnlagsdokumentet for Nasjonal Transportplan 2018-2023 er prosjektet vidareført.

Store delar av ny veg vil gå i tunnel. Det er regulert to større areal for plassering av overskotsmassar ved tunnelmunningen i Voss kommune.

I medhald av godkjent planprogram er traséalternativ 5 i forprosjektet lagt til grunn for planarbeidet.

#### Vurdering

Fylkesmannen i Hordaland er nøgd med at det no er utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan for E16 Nærøydalen, i samsvar med regjeringa sin politikk om etablering av effektive, tilgjengelege, trygge og miljøvenlege transportsystem. E16 er ein hovudtransportåre mellom Aust- og Vestlandet, og E16 ved Nærøydalen utgjer i tillegg tilkomst for fleire andre viktige aust-vest korridorar. Høyringsuttalen vår omhandlar prosjektet som heilskap, men har særleg merksemd på løysingane i Hordaland og Voss kommune.

#### Samfunnstryggleik

Planlegginga skal fremje samfunnstryggleik ved å førebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv., jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 3-1 bokstav h. Vegprosjektet vil venteleg betre trafikktryggleiken langs vegen med bygging av tunnel og etablering av andre rassikringstiltak. Planframlegget inneheld fleire risiko-analysar med identifikasjon av uønska hendingar, og tiltak for å redusere verknad eller risiko for at desse hendingane skal inntreffe. Fylkesmannen meiner planføresegne må sikre at tiltaka i analysearbeidet vert gjennomført. I tillegg saknar vi ein tydeleg referanse i reguleringsføresegne om prioritering av samfunnstryggleik, då dette omsynet er førande og direkte utløysande for oppstart av vegprosjektet.

### *Landskap*

Store delar av planområdet inngår i UNESCO-verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjorden landskapsvernombordet. I tillegg ligg heile planområdet innanfor verneplan for vassdrag, der få tekniske inngrep i landskapet og store kultur- og naturmangfaldsverdiar utgjer ein viktig del av vernegrunnlaget. Kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap er eit nasjonalt omsyn som skal leggjast vekt på i planlegginga, jf. pbl. § 3-1 bokstav b. Konsekvensutgreiinga omhandlar desse tema. Vi legg til grunn at føresegns §§ 3.3, 3.6, 3.7, 7, 9.6 og 10 sikrar det ikkje skal oppstå uakseptable konfliktar med gjeldande verneverdiar ved gjennomføring av tiltaka i planen<sup>1</sup>.

Fylkesmannen presiserte i felles planforumsmøte for Hordaland og Sogn og Fjordane den 24. 02.2016 at det måtte utarbeidast tydelege illustrasjonar av deponiområda. Vi merkjer oss at det er utarbeidd illustrasjonar på side 78 i planomtalen for deponiområda med tilbakeføring. Det er ikkje opplyst at illustrasjonane er i målestokk og om dei er utarbeidde i eit kartprogram eller i fotoprogram. Vi saknar ei betre visualisering av deponiområda frå fleire fotopunkt som kunne ha utdjupa verknadane tiltaket vil få på landskapet, mellom anna sett frå verdsarvområdet. Fleire og realistiske illustrasjonar, som let seg etterprøve, vil kunne ha stor betydning som del av avgjerdsgrunnlaget, og for ålmenta sine forventningar til prosjektet. Vi vil difor sterkt oppmøde om at slike illustrasjonar vert utarbeidd for relevante fotopunkt før reguleringsplanen vert endeleg godkjent, ikkje berre i seinare prosjekteringsfase.

### *Landbruk*

Dei områda som vert regulert til LNF-føremål med føresegnsområde mellombels anleggsområde, kan nyttast til rigg, anlegg og deponiområde, jf. planføresegns §§ 6.1 og 10.1. Fylkesmannen legg til grunn at landbruksareal vert tilbakeført, og faktisk kan nyttast til føremålet etter at vegarbeidet er ferdigstilt. På lang sikt kan vi p.t. ikkje sjå at prosjektet medfører store negative konsekvensar for landbruksinteressene. Vi er nøgd med at omsynet til dyrka mark skal skildrast særskild i YM-plan som grunnlag for prosjekteringa, jf. planføresegns § 10.1 tredje ledd.

Planføresegns § 10.1 femte ledd slår fast at eventuell vidare anleggsdrift utover eitt år etter at veganlegget er opna for trafikk, skal fremjast som ei ny sak etter reglane i plan- og bygningslova. Fylkesmannen tek dette til etterretning. Siste setning om eventuell etablering av steinknuseverk vert dermed overflødig. Dersom Statens vegvesen allereie no ser at det vil verte trond for deponerte masser og steinknuseverk i nær framtid, bør ein regulere til anleggsføremål i staden for LNF-føremål. Vi rår til at det uansett vert regulert inn maksimal kotehøgde på deponiområda i planframleggget.

### *Avrenning til verna vassdrag*

Fylkesmannen legg til grunn at avrenning frå anleggsarbeid ikkje skal skade fisken i vassdraga, jf. planføresegns § 3-6. Det går ikkje klart fram korleis det skal gjerast. Når det gjeld deponiområda, rår vi til at utfyllinga skjer etappevis og på ein slik måte at infiltrasjon av nedbørsvatn i utfylte steinmasser til ei kvar tid vert avgrensa<sup>2</sup>.

---

<sup>1</sup> Vi tek etterhald om at søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for Nærøydalen landskapsvernombordet og naturmangfaldlova § 48 vert godkjent av verneområdestyret.

<sup>2</sup> Miljødirektoratet har vist korleis å hindre avrenning frå deponiområdet i Hordnesskogen i Bergen kommune: <http://www.norskeutslipp.no/no>Listesider/Virksomheter-med-utslipstillatelse/?f=12&SectorID=90&k=1201&s=1000&n=statens+vegvesen>

### *Naturmangfald*

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for veganlegget inkludert deponiområde når det gjeld påverknad på naturmangfaldet. Føringar for naturmiljø skal sikrast i YM-plan som grunnlag for byggeplanar og utbygging av veganlegget, jf. planføresegnsene § 3.7. Rett referanse til føringar for utarbeiding av YM-plan skal i følgje planskildringa vere tabell 4.15. Fylkesmannen legg til grunn at føringane i tabell 4.15 vert gjort juridisk bindande, slik at avbøtande tiltak for å hindre tap av naturmangfald, landskapsbilete, naturressursar, ureining, nærmiljø- og friluftsliv mv. vert sikra gjennomført.

### *Støy*

Fylkesmannen forventar at Klima- og miljødepartementet sine retningsliner for handsaming av støy i arealplanlegginga, T-1442/12, vert lagt til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Vi er difor kritiske til formuleringa i planføresegn § 3.5 om at retningslinene gjeld «*så langt det er teknisk og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte vurderinger*». I følgje rettleiaren til støyretningslinene, M-128, vil kost-/nyttevurderingar i større grad vere aktuelle ved endring av eksisterande anlegg. Reguleringsføresegnsene bør vere så konkrete som mogleg. Med ei slik formulering står ein i fare for å uthole planen, skape uheldige presedenstilfelle og gjere det utfordrande for i seinare byggesakshandsaming å vurdere om støygrensene er tilfredsstillande.

### *Rekkefølgjekrav*

Føremålet med rekkefølgjeføresegner er å sikre at tiltaka innanfor planområdet skjer på ein koordinert og føremålstenleg måte. Dei tilhøva som grunngjev utsetting av gjennomføring av planen, må faktisk og rettsleg gjennomførast innan rimeleg tid. Rekkefølgjeføresegna § 3.8 inneholder berre eitt krav. Det er likevel utforma ei rekke rekkefølgjekrav i andre føreseigner, t.d. om utarbeiding av byggeplanar og tilbakeføring av terrengr mv. Fylkesmannen legg til grunn at desse krava vert følt opp. Vi rår òg til å knyte rekkefølgjekrav om tilbakeføring til anna veggrunn – grøntareal, dersom dette føremålet i anleggsperioden vert nytta til rigg-område, mellombelse anleggsvegar og mellombels massedeponi, jf. planføresegn § 5.8.

### *Trafikkavvikling i byggeperioden*

Før anleggstart skal det utarbeidast ein plan for korleis trafikken skal avviklast gjennom byggeperioden, jf. planføresegn § 3.10. Fylkesmannen forventar at E-16 vert open til ein kvar tid, eventuelt må det etablerast tilfredsstillande omkjøringsalternativ.

Fylkesmannen finn at vegprosjektet ikkje strir mot nasjonale føresetnader for arealpolitikken innanfor ansvarsområda våre. Vi ønskjer lykke til vidare, og stiller gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg seinare i prosjektarbeidet.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Arve Meidell  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Aurland kommune	Vangen 1	5745	Aurland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	Oslo

Vossestrand Skyttarlag  
V/ Leiar Inge Hole  
Kroken 20  
5713 Vossestrand.  
Tlf 99510470, e-post: [vossestrand@skytterlag.no](mailto:vossestrand@skytterlag.no)

Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Merknad til reguleringsplan E16 Sleen-nærøydalen.

Vossestrand skyttarlag er stifta i 1879 og er seinare ein samanslutning av Myrkdalen skyttarlag, Oppheim skyttarlag og Vossestrand skyttarlag.

Me har (2015 tal) 138 medlemmer, herav 37 ungdomsskyttarar.

Laget har rekrutt trening kvar sundag.

Skyttarlaget er ein viktig del av lagslivet på Vossestrand.

Me arrangerer også årleg skyteprøve med 130–160 jegrar i året.

Me har jegrar som tar skyteprøve frå heile Vossestrand, Vik og også frå Aurland og Voss med omland.

Skytebana vår ligg i den planlagde vegbana før tunnelinnslaget på Sleen.

Laget har bruksrettsavtale med grunneigar Lars Sleen gnr. 331 bnr.1 på baneområdet og adkomst over grunneigars eigedom frå 2006 til 2046.

Laget vårt har ikkje fått nokon informasjon om prosjektet frå vegvesenet eller kommunen si side.

Vossestrand Skyttarlag ynskjer difor å koma i dialog med vegvesenet om dette.

Skyttarlaget ynskjer skytebana erstatta av vegvesenet med ny skytebane på Vossestrand.

Vossestrand Skyttarlag vil vera behjelpeleg med med å finna nytt område for skytebane.

Me ynskjer det vert arrangert eit møte med skyttarlaget, vegvesenet og kommune snarast, slik att planlegging av ny skytebane kjem i gang snarast mogeleg.

Mvh for styret i Vossestrand Skyttarlag  
Leiar Inge Hole.

Per Anders Tveite  
Slænsvegen 53  
5713 Vossestrand

Voss Kommune  
Plan  
Uttrågata 9  
5701 Voss

VOSS KOMMUNE		
Lape nr.	258-16	Avd.
25 AUG 2016		
Arkivsak	15/00586-10	Spill.
Ark.kode:		Kopi
Obj.kode:		
Ikkje off		Ref.utv

### Merknad til detaljreguleringsplan for E16 – Nærøydalen, planid 2013008

Underteikna er eigar av Gnr. 330 Bnr. 1 og 3 i planområde.  
Eg driv som gardbrukar på heitid med mjølk og kjøttproduksjon, samt skogsdrift.

Ein stor del av eigedomom min ligg på sørsida av E16, og det er då naudsynt at eg har ein sikker og trygg tilkomstveg for å kryssa E16.

I dag har eg ein tilkomstveg der eg kryssar tvers over E16, og slepp køyra på stamvegen. På eksisterande tilkomstveg har eg i dag lunne/velteplass til tømmer, og vegstandard som tømmerbil/semitrailer kan køyra. Denne vegen og lunneplassen lyt eg fortsatt kunne bruka og ny tilkomstveg lyt ha standard til tømmerbil.(punkt 1 på kart)

Likeins treng eg tilkomst til landbruksvegen og bruva til Lars S Sleen, for å sikra at eg får ein sikker tilkomst til sørsida av E16, og dermed slepp køyra E16 for å transportera gjødsel og grasproduksjon. Denne vegen kan og vera naudsynt å nytta dersom det viser seg at den nye tilkomstvegen min vert svært trafikkfarleg å køyra. (punkt 2 på kart)


Dersom eg framleis skal驱ra gardsdrift og halda kulturlandskapet i hevd på eigedomen min, lyt tryggleiken og framkomelegheit vera på plass. Dette gjeld og framtidsutvikling og neste generasjon.

Eg vonar planleggjar ser mine behov ved å驱ra næring i planområde og vonar på positiv tilbakemelding/dialog.

Vedlegg:1 Kart

Mvh  


Per Anders Tveite  
Slænsvegen 53  
5713 Vossestrand  
Tlf: 90576206  
p-atveit@online.no



**TEIKNFORKLARING**  
PBL § 12 REGULERINGSPLAN

Vertikalinivå 2 (på bakken)

PBL § 12-5 AREALFORMÅL

Nr 2 - SAMFERDSELSANLEGG OG  
TEKNISK INFRASTRUKTUR

SKV	Kayrevet	(2011)
SF	Fortau	(2012)
SOS	Gang-sykkelveg	(2015)
SMT	Annen veggrenn - teknisk anlegg	(2018)
SVG	Annen veggrenn - grøntareal	(2019)
SH	Håndicaplass / platform	(2025)
SEH	Bussbildeplas	(2073)
SPA	Parkering	(2080)

Nr 5 - LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL

L	LNRF areal for nedverdigning tilsk.
	For landstuk
(5100)	
	V Bru og vern av vassdrag
(6001)	

OMSYNSONER (§11-8, jf §12-6)

a 1 SKRINGSØNER	Skringsone tunnel	(H190)
	Fritalt	(H140)

c SONE MED ANGITT SERLEGE OMSYN

JØRP	Bevaring naturmiljø	(H560)
	Midlertidig anleggsområde	(P91)

a 3 FARESONE

1901	Ras- og skredfare	(H310)
1920	Floomfare	(H320)
1930	Hægspenningsanlegg	(H370)

LINJESYMBOL

—	Planens begrensning	(120)
—	Forningszone	(1202)
—	Grensa for skringszone	(110, 140)
—	Grensa for fareområde	(320, 370)
—	Grensa for angitt omreisessone	(560)
—	Grensa for bademilnesar	(91)
- - -	Omriss av eks. bygg som skal fjernast	(1215)
—	Reguler. centerlinje	(1221)
—	Fritidslinje	(1222)
—	Tunnel	(1254)
—	Strandlinje spj	(1260)
—	Eigendomsgrense	(4011)

Evidanse: 1m  
Målestokk: 1:2000 i A3  
0 10 20 30 40 50m  
EUREF 89, UTM, Sone 32  
SOI-versjon 4.5

REGULERINGSPLAN MED REGULERINGSFØRESEGNER FOR:  
E16 NÆRGØDALEN

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLØV

Relevans nr:	Seks nr:	Dato:	Sign:
Kommunestyre vedtak i Voss kommune			
3. gang: henvising i det faste utvalget for planlegg.			
2. gang: henvising i det faste utvalget for planlegg.			
Offentlig utstyrts fra: ■			
1. gang: henvising i det faste utvalget for planlegg.			
Offentlig utstyrts fra: ■			
Kunngjøring om opprettet av planarbeid			
Planen utarbeidet av:			
Teller nr:		Rev. nr:	Seksdelsnr.
Statens vegvesen			
R1		iremei	

Kjersti.n.finne@voss.kommune.no  
Iren.meisterplass@vegvesen.no

Voss, den 31.08.16  
sv/ts

Statens Vegvesen – att: Odd Sverre Johansen  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

### **Reguleringsplan for E16 Nerøydalen**

Som kommentar i forbindelse med reguleringsplanarbeid/tiltak på vegne av mine parter, Reidar Sleen, Lars S. Sleen, Per Ove Pedersen, Svein Rokne og Ivar Rokne opplyses/anføres:

1. Det vises først til mitt brev av 22.dm som tidligere oversendt og som også legges ved.
2. Dertil viser jeg også til epost fra Reidar Sleen vedr varerør, eksisterende pumpehus og evt ny garasje samt vegløsing vedr gardsvegen på oversiden av E16.
3. På vegne av gnr 331 bnr 9 Ivar Rokne og gnr 331 bnr 10 Svein Rokne anføres ytterligere:
  - a. På vegne av Ivar Rokne bnr 9 opplyses at denne ønsker at tilførselsvegen avsluttes i grensen mellom bnr 10 og bnr 9, slik at den ikke kommer inn på bnr 9 slik det pr dd vises på tegningen. Der den avsluttes på bnr 10, må det tinglyses rett til parkering i tillegg må det tinglyses vegrett frem dertil.
  - b. Det er viktig at man får frem hvilke støydempende tiltak som vil bli gjort med hensyn til ovennevnte to eiendommer.
  - c. Dertil er det viktig å få frem hvorledes situasjonen vil bli med hensyn til innsyn til bnr 9.

Bnr 9 har bl.a brukt lang tid på å få opp trær som hindrer dette.

Så nær som dette inngrepet vil komme bnr 9, er det være en rekke ytterligere nærføringsulemper i forhold til denne eiendommen.

- d. I tillegg må vannforsyning for bnr 9 og bnr 10 ivaretas.

Slik man ser dette, vil det også bli store nedføringsulemper også i forhold til bnr 10.


**For så vidt angår spesielt bnr 9, kan man vanskelig se det på noen annen måte enn at ulempene for denne eiendom vil bli så store at det bør vurderes innløsning.**

Sluttelig viser jeg spesielt til det som fremkommer i mitt brev av 22.dm vedr spørsmålet om 60-sone i dette området.

Som nevnt i dette brev, er det vanskelig å få full oversikt over situasjonen før man tar en befaring.

Man er redd for at det skal skje ulykker her. Det har flere ganger vært nestenulykker her. Den nye vegen vil ikke forbedre dette, tvert om dessverre. Situasjonen er slik at blir det en ulykke her, vil det få katastrofale følger.

Med hilsen

  
Sjur Vinje  
Vedlegg

*ADVOKAT*  
*Sjur Vinje*  
I KONTORFELLESSKAP MED ADVOKATER  
MEDLEM AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Statens Vegvesen  
Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Att: Irene Meisterplass

Voss, den 22.08.16  
sv/ts

**Tunnel /veg i Sleen-området i forbindelse med ombygging av E16**

Jeg viser til orientering og senere detaljmøte i Haugsvik Ungdomshus den 18.dm.

Undertegnede representerer gnr 331 bnr 3, gnr 331 bnr 4, gnr 331 bnr 5, gnr 331 bnr 9 og gnr 331 bnr 10 alle i Voss.

Det har vært befaringer og korrespondanser over lengre tid vedr ovennevnte inngrep for å få dette tilpasset, for å få til et utgangspunkt som vil være til fordel både for inngriper og den som får inngrepet på seg. Dertil vil også disse forhandlinger ha betydning for det erstatningsoppkjør som vil komme.

På ovennevnte møte ble det drøftet en rekke forhold herunder hvilken status areal som ikke er bebygd i dette området vil ha for en senere fastsettelse av en erstatning.

Dertil ble det gitt div opplysninger vedr div nedføringsulemper for bl.a boliger og fritidseiendommer herunder støy og i den forbindelse tiltak.

Som nevnt kan tiltakene være noe annerledes for hytter i forhold til boliger. Forholdet er likevel slik at om inngrepene overstiger visse grenser, så vil det i tillegg bli krav om erstatning for nedføringsulemper uansett hva slags tiltak som settes i gang.

Dette gjelder bl.a også innsyn.

Videre nevnes en del spesielle forhold som ble tatt opp på dette møtet.

Dette gjelder:

1. Spørsmålet om 60 sone i dette området.

Slik som forholdene er i dette området, kan det være vanskelig å unngå ulykker.

Dette har bl.a sammenheng med bakketopp.

Videre er det også slik at en 60-sone vil kunne ha innvirkning på støy og dermed tiltak og erstatning i den forbindelse.

Jeg ber på vegne av mine klienter om at dette med 60-sone blir vurdert på nytt og slik jeg ser det vil det være en fordel om det foretas befaring, hvor de som har bestemmende innflytelse vedr fartssoner deltar.

Min erfaring i løpet av mange år med tilsier at befaring kan endre oppfatning i forhold til det man finner ut fra kartmateriale.

To av eiendommene har også et vesentlig areal på begge sider av E16. Slik man ser dette, vil begge disse kunne ha behov for varerør gjennom E16.

Dette koster lite om man legger dette nå, men vil medføre forholdsvis store utgifter om det blir lagt senere.

I tillegg er det viktig at den som får deponiet på seg, gis anledning til å komme på talefot i det dette kan få stor innflytelse på hans eiendom.

Sluttelig tar jeg opp det forhold at det i anleggsperioden vil kunne være meget store ulemper for enkelte av de som jeg representerer, så store ulemper at det bør vurderes om noen av disse i perioder bør gis anledning til å bo et annet sted og at det gis erstatning for dette i tillegg til annen erstatning pga de ulemper som oppstår herunder støvplager bl.a på hus.

Dette brev innholder kun enkelte forhold av det som er tatt opp.

Med hilsen



Sjur Vinje

Ettersom ovennevnte også har en betydning for grunnhaver og erstatning i den forbindelse, sender jeg kopi av dette brev til Odd Sverre Johansen, Statens Vegvesen, Askedalen 4, 6863 Leikanger.

## **Sjur Vinje**

---


**Fra:** Reidar sleekn [sleenre@gmail.com]  
**Sendt:** 22. august 2016 19:37  
**Til:** Sjur Vinje  
**Emne:** ny e 16  
**Vedlegg:** Scan0007.pdf

Sender som avtalt skisse der det viser mitt ønske om vegløysing på nye gardsvegen.

Har og tatt med ønske om varerøyr for vannledning frå eksisterende pumpehus og plassering av evnt ny garase.

Plasseringen av garasen er satt sånn for og ta av for støy frå nye vegen.

Mvh Reidar sleekn





## Statens vegvesen

Voss kommune  
Postboks 145  
5701 VOSS

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Hilde Gunn Stenseth / 15/218958-65 31.08.2016  
56520207

### Statens vegvesen sine merknadar til offentleg ettersyn av reguleringsplan for E16 Nærøydalen – Voss kommune

Viser til planframlegg som ligg ute til offentleg ettersyn og til Voss kommune sitt vedtak i Formannskap/plan og økonomi av 23.06.16 i sak 53/16.

Voss kommune har spesielt bede om at me kjem med kommentarar knytt opp mot deira vedtak som lyder:

1. «For å unngå å bruka fulldyrka jord til deponi skal ein leggja masse på dyrka jord berre i tilfelle ein ikkje får plass på dei andre deponia.»
2. «Når arbeidet er ferdig skal det leggjast på minst 1 m jord der dyrka mark har vorte brukt til deponi.»

#### Statens vegvesen sine merknadar til pkt 1:

Voss kommune har ikkje i sitt vedtak gjort greie for kva slags deponi det her er snakk om. Statens vegvesen går ut frå at det her er snakk om deponi av meir langvarig karakter.

Statens vegvesen har forståing for ynskje om å verna om dyrka mark i størst mogleg grad, og me vil koma dykkar ynskje i møte så langt råd er. Me vil spesielt peika på at me er avhengige av ei rasjonell, effektiv og trygg drift av veganlegget. Delar av massane frå tunnel skal nyttast vidare i veganlegget, og det vil vera trong for område både for omlasting, knusing etc nært til der tunnelen vert driven frå. Dette må skje på LNF-området ved tunnelen som er avsett til mellombels anlegg- og riggområdet aust for dagens E16.

#### Statens vegvesen sine merknadar til pkt 2:

Voss kommune har i sitt vedtak sagt at det skal leggast på 1 meter jord utan at dei har gjort greie for kva type jord dei snakkar om.

Det første laget jordmassar som skal leggast oppå deponert stein må vera av ein slik art at ikkje alt forsvinn ned mellom steinane. Statens vegvesen tek utgangspunkt i Norsk institutt for skog og landskap sine definisjonar. Fulldyrka jord skal kunne fornyast ved pløyning til vanleg pløyedjupne, det vil seie minst 20 cm, og med eit tilstrekkeleg steinfritt ploglag og ei jordddjupne på meir enn 30 cm til fast fjell.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger  
Med helsing

Carl Erik Nielsen  
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth  
Senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN